Ål kommune

TILSTANDSRAPPORT OPPVEKSTSEKTOR 2025



Bilete laga av Copilot 30.01.26

Innhald

1. Innleiing 3
2. Avdelingane i oppvekstsektoren 3
2.1. Barnehagane 4
2.2. Skulane 12
2.3. Familiens hus 22
2.4. Kulturskulen, Ål introsenter og Hallingdal leirskule 23
3. Elevar og lærarar 24
3.1. Elevtalsutvikling 24
3.2. Lærartettleik 26
3.3. Undervisningspersonell 29
4. Læringsmiljø 35
4.1. Elevundersøkinga 35
4.2. Mobbing på skulen 41
5. Spesialpedagogisk innsats 44
6. Resultat nasjonale prøver og kartleggingsprøver 48
6.1. Resultat frå nasjonale prøver 5. trinn 48
6.2. Resultat frå nasjonale prøver ungdomstrinn 52
7. Karakterar og grunnskulepoeng 56
7.1. Karakterar 56
7.2. Grunnskulepoeng 58
7.3. Skulebidrag 58
8. Fråvær og gjennomføring 61
8.1. Fråvær 61
8.2. Overgangar 62
9. Framtid og oppsummering 63

1. Innleiing

Kommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskuleopplæringa, og sørge for at skolane jamleg vurderer i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette (Oppl.lova § 17-12). Kommunestyret skal minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa. Frå 1. august 2024 er det ikkje lenger eit krav om at skuleeigarar må utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Ein tilstandsrapport/kvalitetsmelding kan inngå som ein del av skuleeigars kvalitets-utviklingsarbeid, og kan vera eit viktig styringsverktøy for skuleeigar, og skal hjelpe dei folkevalde, administrasjonen og avdelingsleiarane til å evaluere og utvikle tenestene i sektoren. Tilstandsrapporten kan vise korleis skuleeigar vurderer læringslæringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane (kjelde: https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/tilstandsrapport/).

Mal og talgrunnlag frå Udir.no er brukt som grunnlag for denne tilstandsrapporten (https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/tilstandsrapport/).

2. Avdelingane i oppvekstsektoren

Omtale av dei einskilde avdelingane er gjort utifrå følgande spørsmål:

A: Kva er fokuset vårt/prioriteringa vår per i dag - kva arbeider vi med for å styrke barn og elevar si læring og trivsel (leik, leikbasert læring og praksisnær læring)?

B: Korleis er strategidokumenta, visjonen til kommunen og den regionale satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» ein del av utviklingsarbeidet vårt/prioriteringane våre?

C: Kva vil vi ha i fokus i første line (heilt tett på barn og elevar) for å nå målet vårt/prioriteringane våre i avdelinga?

Under kjem avdelingane sine tilbakemeldingar.

2.1. Barnehagane

Sundre barnehage

«A: Kva er fokuset vårt/prioriteringa vår per i dag - kva arbeider vi med for å styrke barn og elever si læring og trivsel (leik, leikbasert læring og praksisnær læring)?

Vår pedagogiske praksis er basert på føringar frå rammeplanen og i kvardagen har områda ein heilt naturleg overgang. I ein kvardag der barn opplever omsorg vil barn kjenne tryggleik til å utvikle seg sjølv og vennskap. Eit slikt fellesskap vil være ein god stad for danning og læring gjennom leiken. Ved at vi tilsette følgjer barna i kvardagen med hovud, hjarte og hender, får vi høve til å støtte barna i ulike leikesituasjonane som bidreg til å utvikle barna sitt språk og eigne kommunikasjonsformer.

B: Korleis er strategidokumenta, visjonen til kommunen og den regionale satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» ein del av utviklingsarbeidet vårt/prioriteringane våre?

Å være ein lærande organisasjon krev tid til planlegging, organisering, gjennomføring, refleksjon og evaluering. For at vi skal lukkast med eit «Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø» må vi sikre at alle tilsette har kunnskap og kompetanse til å praktisere ein pedagogikk, som bidreg til og støttar opp omkring barna si utvikling og læring. Eit av fleire kjenneteikn på barnehagar som skårar høgt på kvalitet, er tilsette som er opptekne av å tilpasse organisering, innhald og arbeidsmåtane til barna. Vidare er det viktig med ei personalgruppe som nyttar refleksjon og jamleg ser på eigen praksis i lys av forskingslitteratur.

I Sundre barnehage brukar vi didaktikken for å sikre oss at vi planlegg, gjennomfører og evaluere vår praksis i tråd med vår faglegeprofesjon. Vi skal bruke pedagogisk analyse som eit heilt naturleg verktøy i vår kvardag. Pedagogisk analyse skal vi bruke ved behov, men også får å sjå kva vi får til og kvifor vi får det til.

C: Kva vil vi ha i fokus i første line (heilt tett på barn og elevar) for å nå målet vårt/prioriteringane våre i avdelinga?

Personalet i Sundre barnehage skal variere sine arbeidsmåtar for at barna skal få ein variasjon mellom det planlagde og barna sine sjølvvalde aktivitetar. I arbeidsmåtane våre skal det være plass til at barn, tilsette og føresette skal kunne medverke, ut frå eige forutsetningar. Vi må ha ein struktur der det er lagt til rette for refleksjon omkring kva som skal være planlagt og kva som skal være sett av til å la barna medverke og påverke sin kvardag. Vi som tilsette må til ei kvar tid reflekter over ulike arbeidsmåtane gjennom dagen, slik at vi kan tilpasse oss til ulike situasjonar og etter behovet hjå enkeltbarn og barnegruppa.

Vi som tilsette i Sundre barnehage må ha fagleg kunnskap om ulike arbeidsmåtar, samstundes ha evne og vilje overføre kunnskapen vår til praksis. Personalet skal vise interesse og engasjement for det oppsette og det spontane. Ved at vi er aktivt deltakande gjennom dagen, vil vi ha ei forutsetning for å ha kjennskap til barna sine interesser og styrker.

Barna i Sundre barnehage er fordelt etter alder på dei ulike avdelingane, då har vi høve til å ta ansvar for å skape eit læringsmiljø av leiker og utstyr, opplegg og aktivitetar som er tilpassa barna sin alder, modning og interesser. I Sundre barnehage ser vi på læringsmiljøet som den tredje pedagogen og vi skal ha eit læringsmiljøet som støttar barnet si utvikling. Læringsmiljøet skal ha nokre faste element, men også synleggjera tema og fagområde vi arbeidar med til ulike tider. Læringsmiljøet skal understøtte barnet si utvikling, ved at vi har delt barna etter alder på avdelingane, er det også ein tanke om at barna skal oppleve ein progresjon når dei går over til ny avdeling.

Gjennom metodar som observasjon, kartlegging og barnesamtalar vil vi kunne evaluere eigen praksis. Tilsette må være lydhøyr for barna sine interesser. Samstundes må tilsette skaffe seg kunnskap og informasjon om ulike tema, for å bygge vidare på barna sine interesser.»

Sando barnehage

A: Fokus og prioriteringar per i dag

I Sando barnehage har vi eit tydeleg fokus på å styrkje barnas trivsel, læring og utvikling gjennom leik, leikbasert læring og praksisnær pedagogikk. Leiken er fundamentet i det pedagogiske arbeidet vårt og blir sett på som barnas viktigaste arena for læring, sosial utvikling og meistring.

Vi arbeider målretta med å skape trygge og inkluderande leikefellesskap, der alle barn får høve til å delta ut frå eigne føresetnader. Personalet har særleg merksemd på relasjonar, språkstimulering og sosial kompetanse i kvardagen. Gjennom vaksenrolla vår støttar vi barna i å setje ord på kjensler, løyse konfliktar og utvikle vennskap.

Praksisnær læring kjem til uttrykk gjennom aktive vaksne som deltek i leiken, observerer barna og tilpassar det pedagogiske opplegget fortløpande. Vi nyttar kvardagslege situasjonar som måltid, påkledning, uteleik og overgangar som læringsarenaer, der barnas medverknad står sentralt.

B: Forankring i strategidokument og regionale satsingar

Utviklingsarbeidet i Sando barnehage er tett forankra i kommunen sine strategidokument og visjon for oppvekst, samt den regionale satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Desse dokumenta gir retning for prioriteringane våre og understrekar betydninga av tidleg innsats, inkludering og kvalitet i det ordinære tilbodet.

Kompetanseløftet har bidrege til auka medvit i personalgruppa rundt inkluderande praksis, tilrettelegging i fellesskapet og korleis vi kan møte barn med ulike behov utan å ta dei ut av barnegruppa. Vi har eit styrkebasert perspektiv der vi tek utgangspunkt i barna sine ressursar og føresetnader, og arbeider systematisk med å utvikle felles forståing og praksis i personalet.

Strategiane er ein del av planlegging, refleksjon og evaluering av det pedagogiske arbeidet, og blir brukt aktivt i møte, årsplan og kompetanseutvikling.

C: Fokus i første line – heilt tett på barna

- I første line, tett på barna, har vi særleg fokus på:
- Trygge relasjonar mellom barn og vaksne
- Inkluderande leikemiljø der alle barn opplever å høyre til
- Aktiv og medviten vaksenrolle i leiken
- Språkleg og sosial støtte i kvardagslege situasjonar
- Tidleg oppdaging og tilrettelegging ved behov

Personalet arbeider med å vere autoritative, varme og tydelege vaksne som ser kvart enkelt barn og samstundes har blikk for fellesskapet. Gjennom observasjon, refleksjon og samarbeid i personalgruppa justerer vi praksis for å sikre at barna får eit trygt, stimulerande og inkluderande barnehagemiljø.»

Skattebøl barnehage

«Det er flest kvardagar i året vårt – og nettopp derfor er dei så viktige. Hos oss er ikkje kvardagane «mellom dagane». Dei er sjølve livet i barnehagen. Me vil løfte fram kvardagane som dei verkeleg gode dagane, der leik, trivsel og læring går hand i hand.

På månadsplanane våre finn du «blanke dagar». Desse dagane er ikkje tomme – tvert imot! Det er då leiken står i sentrum, og barna får god tid til å utforske, skape og vere saman. Leiken er barnas viktigaste aktivitet. Gjennom leiken utviklar dei seg på alle område: språk, sosiale ferdigheiter, motorikk, kreativitet og kunnskap. Dei lærer å samarbeide, løyse problem og vise omsorg – alt på ein naturleg og lystbetont måte.

I Skattebøl barnehage er kunst, kultur og kreativitet ein viktig del av kvardagen. Me ønskjer å gi barna rom for å uttrykke seg gjennom måling, musikk, dans, drama og forteljingar. Gjennom kreative prosessar får barna utforske eigne idear, bruke fantasien og oppleve meistring. Me tek vare på tradisjonar og kulturar, både dei lokale og dei som kjem frå andre delar av verda. Dette gir barna kunnskap, identitet og forståing for mangfaldet rundt oss. Kreativitet og kultur er ikkje berre aktivitetar – men ein måte å skape fellesskap og glede på.

Me prioriterer leik, leikbasert læring og praksisnær læring fordi dette gir barna dei beste vilkåra for utvikling og trivsel. Når barna får tid og rom til å leike, byggjer dei vennskap, utviklar

identitet og opplever fellesskap. Me veit at leik ikkje berre er moro – det er læring, meistring og glede.

Utviklingsarbeidet vårt er forankra i barnehagelova og rammeplanen, som set mål for barnehagens innhald og kvalitet. Me arbeider systematisk med dei sju fagområda i rammeplanen, og ser leiken som den viktigaste arenaen for læring.

Autoritative vaksne er ein grunnstein i arbeidet vårt. Me jobbar for å vere varme, tydelege og grensesetjande vaksne som gir tryggleik og omsorg, samtidig som me støttar barna i å utvikle sjølvstende og sosiale ferdigheiter.

Me legg vekt på inkluderande praksis, der alle barn skal kjenne seg trygge og verdifulle. Den regionale satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» er integrert i arbeidet vårt gjennom kompetanseheving for personalet, refleksjon i team og konkrete tiltak i kvardagen. Me jobbar med tidleg innsats, tilrettelegging og tett samarbeid med fagressursar som helsestasjon og PPT for å sikre at alle barn får den støtta dei treng.

Uteområdet vårt gir unike moglegheiter for leik og læring i naturen. Me har tilgang til skog, akebakkar og gode skiområde, og brukar naturen aktivt til fysisk aktivitet, utforsking og opplevingar som styrkar både motorikk og naturoppleving. Naturen er ein arena for kreativitet, samarbeid og meistring.

For å nå måla våre er det avgjerande at dei vaksne er tett på barna i kvardagen. Me har fokus på:

- Relasjonsbygging og tryggleik – vaksne som ser, høyrer og anerkjenner barna.
- Leikestøtte og språkstimulering – personalet deltek aktivt i leik, stiller opne spørsmål og hjelper barna med å setje ord på opplevingar.
- Inkluderande fellesskap – me jobbar med å skape gode grupper, støtte vennskap og hjelpe barna med å løyse konfliktar.
- Tilrettelegging for meistring – me gir barna utfordringar tilpassa deira nivå og behov, og legg til rette for at alle kan delta.
- Vaksenrolla ute – me er der barna er, deltek i leiken og skaper gode opplevingar i naturen.

Me har også jobba målretta for å bli ein barnehage med to hus, der fleksibilitet og samarbeid er nøkkelord. Personalet er villige til å bytte avdeling når det er behov, og me har gode rutinar for informasjonsflyt slik at barna opplever kontinuitet og tryggleik.

Samtidig er kvardagane føreseielege. Barna veit kva dei går til, og det gir tryggleik. Trygge barn er glade barn. Dei brukar ikkje energi på å vere redde eller usikre, men på å vere kreative og ha det moro saman. I ei verd som ofte går fort, vil me ta vare på det som er enkelt og ekte: gode kvardagar med tid til leik, vennskap og opplevingar. Me trur at dei små augneblinka – latteren i

sandkassa, samarbeidet om eit byggverk, fantasien som får venger – er dei som gjer barndommen rik og minnerik.»

Nordbygdene barnehage

«Barnehagen visjon er: Leikeglede og læringslyst i eit inkluderande fellesskap» Vi har mykje leik og samspel på tvers av alder (opne avdelingar i barnehagen delar av dagen + leik og samvær med skuleborna). Barna hjå oss skal oppleve at leik og aktivitetar skal gjeve kjensle av glede, meistring og meiningsfull læring. Glede og humor i samspelet mellom barn og vaksne er viktig i vår kvardag. Det er sosialt samlande og gir ein god dag i barnehagen for barn og vaksne. Humor og glede blant barna gjev gode relasjonar mellom dei. Vi har positive møtepunkt/leik sett i system mellom 1./2.klasse og skulestartarane siste året i barnehagen for å gjere overgangen til skulen trygg og god. Vi har vaksne som aktive deltakarar i barn sin leik og dei er med på barn sine premissar. Vi har ein organisering som gjev tid og rom til borna sin leik i kvardagen og vi er med å styrke barn sin leikekompetanse. Det gjer vi ved at dei felles leikepreferanse ved å øve opp fantasien deira gjennom eventyr, oppdikta historier og leik. Vidare kan det inspirerer til ulike uttrykksforma innan fagområdet «Kunst, kultur og kreativitet».

Vi har gode rutinar i kvardagen som gjev føreseieleg kvardag for barn, foreldre og vaksne. Det gjer at barna er trygge og har gode læringsmoglegheiter. For å oppretthalde føreseieleg kvardag reflektera vi kontinuerleg over vår pedagogiske praksis. Vi har nytte pedagogisk analyse som refleksjonsverktøy for å sjå nærare på vår praksis. Ved å reflektera over vår kvardag skapar vi eit inkluderande barnehagemiljø der alle blir sett og høyrt.

Gjennom året har vi jobba med styrkebaset tankegang i kvardagen, bevisstgjering av styrker hjå barn og vaksne og nytte styrkespråk. Vi har brukt verktøyet i SMART-oppvekst. Ved å bruke verktøyet aktivt stimulere vi ressursane og styrkane hos barn og vaksne, med fokus på meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og læring.

Vi har godt tverrfagleg samarbeid med faste møter. Alt det gode arbeidet vi har gjort til nå vil vi halde fram med, samt fokus på god språkutvikling, «Være saman» barnehage, psykososialt barnehagemiljø, motorisk utvikling og mykje meir.»

Torpo barnehage

«Arbeidsåret 2025 /2026 har prosjektet «bli med å leik»

- Ein felles veg til fellesskap og vennskap gjennom fantasi, kreativitet og glede

«Målet med prosjektet er at barna i barnehagen skal kvar dag oppleve å være saman med nokon I fellesskap om noko. Gjennom felles opplevingar som styrker kjensla av tilhøyrsle skal barna kjenne glede, nysgjerrigheit og få moglegheit til å utforske, erfare og lære.» *Årsplan 25/26*.

Me held fram med å ha uteleiken som satsingsområde no i vår. Det var svært vellukka og lærerikt kurs om uteleik og vaksenrolla, barna sin medverknad via STYD kommunikasjon. I uteleiken legg me særleg vekt på materialar med mange ulike bruksområde. Naturmaterialar som er fleksible slik at barna kan sortere, bygge med og frakte i sin leik. Slik skaper me eit inkluderande leikemiljø der alle barn kan ha ei sterk og positiv rolle som legg til rette for vennskap.

Torpo barnehage er ein lærande organisasjon. Hyppige utskiftingar i tilsettgruppa skaper utfordringar som gjer at me tenker nytt om organisasjonen barnehage. Dette og korleis me setter struktur og rammer gjennom den autoritative vaksenstilen er viktige satsingar for oss. Strategidokumenta er viktig for å få relevante kurs og sikre progresjon. Tema som me får kompetanse i er relevante for å utvikle barnehagen slik at alle får felles kunnskap og fagleg påfyll.

Lærande møter, med refleksjon over vaksenrolla er viktig for å sikre god framdrift og kvalitet i arbeidet.

Barnehagen samarbeider med PPT og familiens hus. Me har primærkontaktmøte der me utviklar tettare samarbeid og får rettleiing og kompetanseheving.»

Oversikt over barnehageplassar, tilsette og tal barn

Tal pr. 15.12.2025 frå BASIL. Stillingsandel er oppgitt i hundredel, der 100% stilling = 1,0.

Barnehage i Ål	Avdelingar /plassar	Grunnbemanning				Møte-ressurs	Arb.m enkelt vedtak	Tidleg innsats	Sum
		Styrar	Pedagog	Assistent	Sum				
Nordbygdene barnehage	2 avd, 36 plassar	1	3	3,7	7,7	0,2	1	0,2	1,4
Sando barnehage	2 avd, 36 plassar	1	3	4,4	8,4	0,2	0	0,2	0,4
Skattebøl barnehage	2 avd, 60plassar	1,6	4,4	6	12	0,4	0,5	0,4	1,3
Sundre barnehage	6 avd, 108 plassar	2	7,7	12,4	22,1	0,4	2,7	0,4	3,5
Torpo barnehage	2 avd, 36plassar	1	3	4,1	8,1	0,2	0	0,2	0,4

Tabell 1: Oversikt over barnehageplassar, tilsette og tal barn i Ål kommune per 31.12.2025.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal barn i barnehage	173	176	175	183	184	210	192

Tabell 2: Tal barn i barnehage i Ål kommune frå 2019 til og med 2025.

Vurdering:

Barnehagane i Ål kommune arbeider i tråd med *Lov om barnehagar* og *Rammeplan for barnehagen* (2017). Kommunen har ein felles mal for årsplanarbeidet, der kvar barnehage tilpassar innhaldet etter eigne faglege prioriteringar og satsingsområde for det komande barnehageåret.

Dei siste åra har barnehagane i Ål vore ein del av den regionale satsinga *Kompetanseløftet*. Denne satsinga har som mål å styrke den systematiske praksisen knytt til inkludering og spesialpedagogikk i heile barnegruppa ved dei ulike avdelingane. Arbeidet skjer i tett samarbeid med Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). Som del av satsinga er det utvikla strukturar for primærkontaktgrupper i kvar barnehage, der representantar frå Familiens hus deltek fast, både helsesjukepleiarar og rådgjevarar frå PPT. Dette går hand i hand med satsing i Ål kommune med å opprette eit eige Familiens hus slik at rådgjevarar frå PPT og

helsesjukepleiarane kan arbeide tettare saman med dei tilsette i barnehagane og vi får styrka laget rundt barnet.

Barnehagane har og sett i gang eit målretta arbeid for å betre arbeidsmiljøet og redusere sjukefråværet. Våren 2025 vart det i samarbeid med Hallinghelse gjennomført tre kurskveldar i barnehagane. Kursa tok for seg meistringskompetanse og korleis tilsette kan arbeide førebyggjande for å handtere eigen kvardag på ein god måte. Dette utviklingsarbeidet blir vidareført i 2026.

I barnehage er bemanningsnormen maks. 3 barn pr vaksen for barn under 3 år, og maks. 6 barn pr vaksen for barn over 3 år (https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_6#%C2%A726). Ifølge Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager frå 2017 skal barnehagen ha minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år (https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-06-22-1049).

- Rekruttere:
  - Det er krevjande å rekruttere; vi manglar barnehageåret 25/26 nærare 800% pedagog har 800% på dispensasjon.
  - Det er få som søkjer seg til utdanninga, og vi må tenke utdanning av våre eigne.
  - Vi må arbeide med den gode kvardagen slik at flest mogleg av våre medarbeidarar blir i barnehagane og ikkje vel anna yrke/jobb.

- Møtetid til planlegging og kvalitetsarbeid
  - 27 timar til disponering av møtetid på kvelden
  - 140% totalt til møteressurs

- Tidleg innsatsressurs
  - Barnehagane har totalt 140% ekstra støtte til tidleg innsats

- Styrking for barn med spesielle behov
  - Pedagogar 2804 timar
  - Assistentar 4698 timar

2.2. Skulane

Ål ungdomsskule

«A) Fokus og prioriteringar per i dag – arbeid for å styrke læring og trivsel

I år har me eit tydeleg fokus på å styrke både læring, trivsel og fellesskap gjennom tiltak som er praksisnære og inkluderande. Psykologisk tryggheit har vore ein raud tråd. Eit sentralt satsingsområde er lesing, der me har innført lesekvart på 15 minutt kvar dag i alle klassar. Dette gir elevane ein felles og forutsigbar start på dagen, og bidreg til å styrke grunnleggande ferdigheiter på tvers av fag. I tillegg har me gjenopna biblioteket, som no er tilpassa elevane sine behov og fungerer som ein viktig arena for både leselyst og sosialt fellesskap.

Me arbeider systematisk med inkluderande praksis, der målet er at alle elevar skal oppleve meistring, tryggleik og tilhøyrigheit. Dette gjeld særleg elevar som fell utanfor tilpassa opplæring eller har høgt fråvær. Gjennom tett oppfølging, relasjonsbygging og samarbeid med eksterne instansar jobbar me for å sikre at alle elevar får eit best mogleg utgangspunkt for læring.

Våren 2026 gjennomfører me òg eit større utviklingsprosjekt der skulen skal utarbeide sin eigen visjon, og lage ein heilskapleg handlingsplan for progresjon, arbeid og innhald på alle trinn. Målet er å skape ei felles retning og ei samla satsing som styrkar kvaliteten i opplæringa og gir elevane ein tydeleg og samanhengande skulekvardag.

B) Strategidokument, kommunal visjon og regional satsing som del av utviklingsarbeidet

Arbeidet vårt er tett knytt til både kommunen sin visjon og den regionale satsinga Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Me har funne vår eiga retning innanfor desse rammene, og ser at satsingane støttar opp under dei tiltaka me allereie prioriterer.

Alternative dagar har vist seg å vere eit positivt tiltak som gir rom for variasjon, praktisk læring og styrking av det sosiale miljøet. Me har eit aktivt elevråd som bidreg til elevmedverknad og skapar arrangement som styrkar fellesskapet på tvers av trinn.

I basisfaga nyttar me to-lærar-system, og alle klassar har to kontaktlærarar. Dette gir betre oppfølging av elevane, meir fleksibilitet og større rom for tilpassa opplæring. På 9. trinn driv elevane elevbedrift gjennom Ungt Entreprenørskap, noko som gir praksisnær læring og erfaring med samarbeid, problemløysing og kreativitet.

Gjennom vårt interne støtteteam drøftar me saker på lågast mogleg nivå og set inn tiltak tidleg. Dette er i tråd med prinsippa i inkluderande praksis og styrkar arbeidet rundt elevar med særskilde behov.


C) Fokus i første line – tett på elevane

For å nå måla våre og sikre at utviklingsarbeidet faktisk kjem elevane til gode, vil me ha eit særleg fokus på å skjerme utviklingstida vår. Dette skal gi rom for fordjuping, samarbeid og systematisk arbeid med dei satsingane som betyr mest for elevane sin kvardag.

I første line handlar arbeidet vårt om:

- å vere tett på elevane i det daglege
- å sikre gode relasjonar og trygge rammer
- å jobbe systematisk med inkludering og tilpassa opplæring
- å følgje opp elevar med høgt fråvær på ein målretta og koordinert måte
- å bruke utviklingstida til å styrke undervisningspraksis, felles rutinar og profesjonsfellesskapet

Gjennom dette arbeidet ønskjer me å vere ein skule der alle elevar opplever at dei høyrer til, blir sett og får moglegheit til å utvikle seg både fagleg og sosialt.»



Illustrasjonsbilete 1: Elevsamarbeid.

Nordbygdene skule

«A: Kva er fokuset vårt/prioriteten vår per i dag - kva arbeider me med for å styrkje barn og elever si læring og trivsel?

Me jobbar med å utvikle leikbasert læring og meir tid til frileik også i skulen. Me har vidareført ordninga frå i fjor med leikesoner og ei barnevennleg strukturering av dagen til dei yngste elevane. Me er opptekne av å legge til rette for variert undervisning også for dei eldre elevane. Både elevar og føresette etterspør meir praktisk undervisning. 6. trinn brukar for eksempel Lego Education som verkemiddel til å jobbe med tekstskaping og historieforteljing. Elevar på fleire trinn har avtalar med dei eldste i barnehagen om gleding/deling og leik på tvers. Dette gir elevane eigarskap til det pedagogiske arbeidet og indre motivasjon. Desse arbeidsmåtane bidreg også til mindre skulefråvær. Tekniske hjelpemiddel til elevane er bytta ut med læringsbrett til PC for mellomtrinnet. Samtidig som det kjem nye anbefalingar og skjermråd, jobbar me med å utvikle ein god pedagogisk bruk av tekniske hjelpemiddel. Skulen jobbar vidare med kvardagsreglar og vaksenstandardar ut i frå verdiane våre vis omsorg, vis respekt, vis ansvar. På denne måten er målet at elevane våre skal oppleve å møte same forventningar og standardar frå alle vaksne på skulen. Dette bidrar også inn i eit forebyggande perspektiv kring skulemiljø. Skulen har pr 15. januar 2026 ingen elevar som ikkje møter på skulen.

B: Korleis er strategidokumenta, visjonen til kommunen og den regionale satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» ein del av utviklingsarbeidet vårt/prioritetane våre?

Våre tre utviklingsområder/hovudmål for inneverande skuleår er:

- Vi samarbeider godt med familiens hus på systemnivå
- Vi utviklar det profesjonsfaglege fellesskapet
- Vi veit korleis vi skal bruke digitale hjelpemiddel på ein pedagogisk god måte i undervisning

Fleire av områda har me sagt noko utfyllande om under punkt A. Me har satt faste samarbeidstider med familiens hus, som er på huset kvar veke. Mykje av det gode arbeidet skjer i praksis, i veiledning, i formelle og i uformelle møter mellom dei ulike fagprofesjonane. Lærarane gir uttrykk for at den nye organiseringa av PPT, er den beste investeringa kommune har gjort på lenge. Det er viktig at vi fokuserer på det nye mandatet deira kring veiledning og systemarbeid. Dette er eit leiaransvar å følge opp. Me utviklar profesjonsfellesskapet gjennom delingskultur, uformelle møter, og faste møterammer for pedagogisk utviklingstid med fokus på prosessarbeid.

C: Kva vil vi ha i fokus i første line (heilt tett på barn og elevar) for å nå målet vårt/prioriteringane våre i avdelinga?

- Høg grad av elevinvolvering, jobbe proaktivt.
- Arbeide styrkebasert i møte med elevar, foreldre og andre instansar
- Vi jobbar for betre koordinering og samhandling av tenester slik at brukarane (elevane) merkar at vi jobbar mot felles mål i praksis gjennom samarbeid, samhandling og samskaping på fleire nivå.
- Vi jobbar meir systematisk i samarbeidet med Familiens hus, på systemnivå (det er førebygging vi ynskjer å halde på med)
- Me utviklar gode team og har satt ein samarbeidsstruktur/organisering gjennom veka der alle tilsette får høve til å medverke, uavhengig av kva rolle dei har.
- Proaktivt samarbeid med føresette.»

Torpo skule

«A: På Torpo skule har vi fokus på leik og praktisk læring. Dei minste elevane startar kvar dag med «roleg start» som består av spel, pusle, handarbeid, lesing eller liknande, før dei etterkvart går over til samling og fag. Alle elevane på 1.-4.trinn har uteskule minst ein halv dag i veka, der heile småtrinnet er i lag. På mellomtrinnet er det fokus på praktisk undervisning, og nokre trinn har uteskule fast på timeplanen. Vi har starta å jobbe med cooperative learning (samarbeidslæring), og vi har lærarar som jobbar Montessori inspirert.

Vi har gjennom året jobba med å få på plass ulike tilbod for styrt aktivitet i matfriminutt, slik som gymsal, uteaktivitetar, bibliotek og skøytebane. Elevrådet har vore delaktige i planlegginga av desse aktivitetane. Skulen har gjennom 2025 vore ei av 15 prosjektskuler på austlandet som har hatt eit samarbeid med «Økologisk Norge» der vi har etablert skulehage. Vi har laga bed der vi har dyrka jordbær, poteter, gulrøter og diverse andre grønsaker. Vi jobbar med å få på plass ei læringstrapp for korleis vi skal jobbe i skulehagen, og kva elevane skal lære. Dette er eit tverrfagleg og praktisk arbeid som vi ser at elevane trivast godt med.

B: Vi jobbar med å lage gode system for samarbeidet med hjelpetenestene. Vi ser for oss at primærkontakt i PPT skal ha ei tettare rolle på elevane, der skulevandring er tenkt brukt meir aktivt. Både helsesjukepleiar og PPT er tilgjengelege på skulen ein dag i veka. Arbeidet med BTI modellen står sentralt her. Torpo skule meldt si interesse for eit prosjekt som også inneberer samarbeid med PPT og Statped, dette handlar om å få verktøy rundt arbeidet med «Inkluderande praksis». Arbeidet kom av ulike grunnar ikkje i gang i 2025, men er i skrivande stund (januar 2026) på begynt. Vi er i gang med systematisk tenking rundt elevsamtaler og elevmedverknad i utviklingssamtaler. Vi har hatt behov for å jobbe meir systematisk med dokumentasjon, og har starta med dette arbeidet. På skulen vår har vi eit stort og fint bibliotek som er mykje i bruk blant elevane. Vi lager enkle utstillinga knytt til tema, og har fokus på å halde rommet ryddig for at det skal vere innbydande for elevane våre.

C: I tida framover ynskjer vi å arbeide med å støtte opp om, og stimulere styrkane og kompetansane til kvart einskild barn. Vi ynskjer å utvikle vår oppdagarkompetanse slik at vi på tidlegare tidspunkt kan gripe inn og forhindre, eller undersøke og oppmode, i ulike situasjonar. Vi vil vidare gjere vårt beste for å skape eit godt læringsmiljø i skulehagen vår.»

Nedre-Ål skule

«På Nedre-Ål skule arbeider me med to-lærarsystem og individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) i fellesskapet. Me ynskjer oss framleis to kontaktlærarar i kvar klasse med elevtal over 16, slik at lærarane kan dele ansvar og ha ein likeverdig sparringspartnar i ulike saker. Gjennom våre rutinar for ITO og oppll.§12-4 sikrar dette barns rett til å bli høyrd i saker som angår dei og fremme tid til gode elevsamtalar. Tiltaket med to-lærar i alle fag på 1.-3.trinn er òg viktig i eit tidleg innsatsperspektiv og samarbeidet med føresette. I tillegg er me organisert i team på trinn med faste vaksne som skapar forutsigbarheit for barn. To-lærarsystemet og individuell tilpassa opplæring (ITO) er i tråd med Kompetanseløftet.

Me har fortsatt etablerte system for samarbeid med hjelpetenestene i Familiens hus – dette blir stadig betre. Me har eit støtteteam internt på skulen der primærkontakt frå PPT og helsestasjonen nå møter jamleg og eit utvida støtteteam med fleire primærkontaktar frå familiens hus, introtenesta og rep. frå barneverntenesta som møtast kvar 3.veke. Ved at PPT har styrka ressurs opplev me rask og lett tilgjengeleg støtte og rettleiing og det er kort veg til hjelpetenestene i familiens hus.

Uteskule/fagdag og praktisk læring/aktiv læring kan me sjå opp imot satsinga leik/leikbasert læring og Oppvekst 2030. Me har lagt tilrette i timeplanen for alle trinn, til og med 7.trinn, for å kunne ha ein utedag/fagdag ute i veka. Alle trinn har symjing kvar veke heile året, og 1.-3. trinn får i smågrupper. om me nyttar nærmiljøet slik som Hallingdal feriepark, Badeplassen, Sundreberget, Bråta og Elvelangs osv. Me jobbar også godt med tverrfaglege prosjekt i heile personalgruppa der tilsette og elevar medverkar. Tverrfaglege prosjekt som litteraturveka, Hallingveka osv. gjev læringsglede og motivasjon hjå elevar og tilsette.

ME har fortsatt fokus på utnytting av fellesareal på skulen. Utforming av rom til bibliotek er godt i gang og er allereie teke i bruk. Me har fått tilskot frå Sparebankstiftelsen som me no skal nytte til vidare oppgradering. I tillegg har me på gang å laga eit kombinasjonsrom for naturfag og teikneprega forming. Også her har me tilskotsmidlar me nyttar og har kjøpt inn utstyr for kunne drive eit effektivt og oppdatert naturfag.

Som førre år har me eit pågåande arbeid med å skape eit inkluderande læringsmiljø, der me vektlegg elev- og vaksenstandardane våre. Me jobbar med haldningsarbeid og fellesskap på tvers av trinn og i tett samarbeid me FAU og SU/AMU. Det nye flotte uteområdet ser me fortsatt har god støtteverdi for alle i kvardagen og gir mindre konfliktar og meir positiv aktivitet og leik ute. I vårt systematiske arbeid med inkluderande læringsmiljø nytter me også kartleggingsverktøy som www.klassertrivsel.no og elevundersøkinga.

Me jobbar fortsatt med å vidareutvikle arbeidet for framandspråkleg elevar ved å sjå på system for kartlegging og oppfølging av elevane, og ansvaret for arbeidet ligg til spesialpedagogisk koordinator.

Me tilbyr ei god og solid skulefritidsordning (SFO). Det er ei stor utfordring framover reint økonomisk å drifte ei så stor SFO. På grunn av høgt elevtal og mange med store hjelpebehov treng me mange tilsette med brei kompetanse. Me er nødt til å spreie elevane på større areal (sambruk klasserom) fordi det ikkje er areal nok på eksisterande SFO-lokale. Det krevst då meir personell.

I arbeidet med å behalde og rekruttere tilsette har leiinga fokus på å bygge gode team rundt trinn og vidare rundt enkeltelevar som strevar. Dette gir tryggheit og forutsigbarheit for dei tilsette og for elevane på trinna. Me prioriterer at alle nytilsette får ein fadder på huset, som ei ekstra støtte fyrste arbeidsåret på Nedre-Ål skule.

Me har fokus på å få til gode profesjonsfageleg fellesskap for refleksjon og evaluering av eigen praksis, og me nyttar pedagogisk utviklingsarbeids tid (PU-tid) og team-tid til dette. Leiinga har fokus på å vere tett på, støtte og fylgje opp dei tilsette i enkeltsaker og systemsaker. Det er viktig å ha ei leiing som er tett på dei tilsette for å skape godt arbeids- og læringsmiljø på skulen. Ressursen til leiing må vere stor nok for å ha mogelegheit til å prioritere dette i arbeidskvardagen.

VÅR PEDAGOGISKE PLATTFORM:

Nedre-Ål skule er ein skule med orden, struktur og glede der elevane blir møtt med positive forventingar og tilpassa utfordringar som gir dei lyst til å lære.»

Ål kulturskule

«Vårt hovudfokus ved Ål kulturskule i 2025 var å arbeide for å styrke barn og unge si læring, trivsel og skaparglede gjennom kreativitet, leikbasert læring og praksisnær undervisning. Kulturskulen hadde som mål å vere ein trygg og inkluderande læringsarena der elevar fekk høve til å utvikle seg kunstnarisk, sosialt og personleg, i tråd med eigne føresetnader og interesser.

Den nye Rammeplanen for kulturskulen (2024) «Kulturskule for alle» vart i 2025 politisk behandla og inne i ein aktiv implementeringsfase. Rammeplanen gav ei tydeleg retning for utviklingsarbeidet vårt, med vekt på mangfald, inkludering, kvalitet og tilpassa opplæring. Dette var i samsvar med kommunen si visjon og den regionale satsinga gjennom Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, som begge la vekt på heilskaplege og inkluderande læringsmiljø.

I praksis var Ål kulturskule i gang med å vidareutvikle undervisningsformer som var nære elevane sin kvardag og føresetnader. Leik, leikbasert læring og utforskande arbeidsmåtar var sentrale element i dette arbeidet, særleg i undervisning for dei yngste elevane, men òg som metodar for meistring og motivasjon på tvers av alder og fag. Det vart arbeidd for at elevane i større grad skulle vere aktive deltakarar i eiga læring gjennom praktisk arbeid, samspel, prosjekt, framsyningar og utstillingar.

Mangfald, inkludering og tilgjengelegheit var prioriterte område i utviklingsarbeidet vårt i 2025. Kulturskulen arbeidde for at fleire barn og unge skulle få tilgang til tilbodet, uavhengig av bakgrunn, funksjonsnivå eller tidlegare erfaring. I første line – heilt tett på barn og elevar – innebar dette eit auka fokus på relasjonsnær praksis, fleksibilitet i undervisninga og ein styrkebasert tilnærming der elevane sine ressursar og moglegheiter vart løfta fram. Ei auke på 18% på elevplassar gjer oss ein peikepinn på at skulen gjer mykje rett.

Ål kulturskule arbeidde i 2025 for å styrkje samarbeidet med grunnskule, barnehage, helsetenester, frivillig kulturliv og regionale aktørar. Dette var eit pågåande og langsiktig arbeid, med mål om å utvikle fleire læringsarenaer for elevane, skape større samanheng i kvardagen og leggje til rette for betre overgangar mellom ulike tilbod. Samarbeidet vart òg sett på som ein viktig arena for kompetansedeling, refleksjon og utvikling av felles forståing blant tilsette. Samarbeidet med Norges Musikkhøgskule er ein døropnar på mange vis og ikkje minst for å skape nye musikalske samarbeid på Ål.

Ambisjonen i 2025 var at barn og unge skulle oppleve meistring, tilhøyre og skaparglede, og at kulturskulen over tid skulle vere ein tydeleg og viktig del av oppveksten i Ål kommune. Dette ser vi fram mot å jobbe vidare med i det nye året.»

Ål Introsenter

«Ål introsenter har ansvar for busetting, etablering og inkludering av busette flyktningar med opphaldsløyve, dessutan opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Avdelinga har stort fokus på praksisnær læring, og vi ser at det har stor effekt på motivasjon og læringsutbytte. Blant anna jobbar vi mykje med å skape eit felles læringsrom for praksis og norskopplæring i introduksjonsprogrammet. Både lærarar og flyktningkonsulentar følger opp deltakarane ute i praksis, og sikrar at det blir god samanheng med det som skjer i klasserommet. Vi tilbyr bransjeretta valfag til alle elevar, for å gjere dei betre rusta til å møte det norske arbeidslivet, samt digital undervisning som kan kombinerast med jobb. Vi tilbyr også karriererettleiing og tett oppfølging, for å hjelpe deltakarane våre med å sette både kortsiktige og langsiktige mål.

Trivsel er ein viktig faktor. Vi ønsker at flyktningane som blir busette i Ål kommune skal trivast og bli verande her, og vi har fokus på bu- og bli-lystarbeid. Då må vi jobbe heilskapleg. Det gjeld alt frå å finne eigna bustad, kartlegge eventuelle helseutfordringar, tilby kompetanseheving, hjelpe med å koma i arbeid og meiningsfull aktivitet, legge til rette for deltaking i fritidsaktivitetar, bli kjent i lokalsamfunnet osb.

Det er fokus på tverrfagleg arbeid og samhandling. Ål introsenter deltek til dømes på utvida støtteteam og tverrfaglege møte i skulen, og i samarbeidsmøte med helse. Ål introsenter og Familiens hus samarbeider t.d. om helsekartlegging av nye busette og heimebesøk hos barnefamiliar. Det er utarbeida rutinar for oppstart av flyktningbarn i barnehage og skule.

Medverknad er viktig. Introsenteret gjennomfører ei årleg digital brukarundersøking i regi av IMDi. I tillegg gjennomførte vi i 2024 ei kvalitativ brukarundersøking (det blir gjort kvart 5. år). Resultata frå undersøkinga visar høg grad av trivsel og at dei fleste opplev å bli tatt godt i mot. På spørsmål om kva som kan bli betre kjem fram ønske om fleire sosiale møteplassar for vaksne, hjelp til ein meir stabil bustadsituasjon og kompetansehevande tiltak for å komme raskare inn i relevante jobbar. Ål introsenter jobbar mykje med haldningsskapande arbeid, slik at heile kommunen skal oppleve å stå felles om å ta godt imot våre nye innbyggarar.

Eit levande Ål for alle er ei god rettesnor og eit naturleg utgangspunkt for alt vårt utviklingsarbeid. Vi jobbar blant anna tett med næringslivet for å ha kjennskap til deira behov, og korleis vi kan bidra med å folk ut i jobbar som arbeidslivet her har behov for. Visjonen er også eit godt utgangspunkt for fokus på deltaking i samfunnslivet, på alle plan. For å oppnå dette må vi også ha eit godt arbeidsmiljø og vere ein arbeidsplass der dei tilsette kjenner psykologisk tryggleik, får brukt sin kompetanse og ønsker å bidra. Avdelinga har kontinuerleg fokus på utvikling av profesjonsfellesskapet. I 2024 er det til dømes jobba med å etablere eit godt system for kollegarettleiing og kollegastøtte. Avdelinga har også eit kontinuerleg fokus på å analysere og evaluere praksis, for å sikre eit godt læringsmiljø og at vi gir eit profesjonelt og likeverdig tenestetilbod av høg kvalitet.

Vi vil jobbe vidare med relasjonsbygging, meistring, deltaking og inkludering.»

Hallingdal leirskule

«På leirskulen har vi heile tida fokus på at ungane skal lære gjennom praktisk tilnærming. Vi flettar inn teori under dei praktiske øktene. Vi har og stort fokus på at alle skal kunne delta på våre økter uansett kva for ting elevane kan slite med. Elevane med særskilde behov treng ikkje være med på heile økta viss det er hensiktsmessig, men alle prøver å bli med på noko. Vi har og fokus på at det skal vera moro og vera leikprega aktivitetar. I og med at elevane og bur på hytter utan vaksne, er det jo masse praktisk læring i dette, og ikkje minst ei god læring for det vaksne liv etterkvart. Vi ser og at fleire og fleire elevar ikkje er vant til å sove borte, så difor er leirskulen ein kjempeviktig arena med tanke på det å lære seg å sove andre plassar enn heime. Nytt av året er j at me har kjøpt inn lavoar slik at elevane kan få prøve å sove ute når dei er på besøk hjå oss. Dette blir spanande å prøve både for oss vaksne og for elevane.

Det blir drøfta/teke i bruk når vi diskuterer nye aktivitetar og korleis vi skal få til eit best mogleg opphald for elevane med tanke på godt læringsmiljø både fagleg og sosialt. Vi har og stort fokus på at leirskulen er for alle, uansett kva for funksjonsnivå eller problem du måtte ha. Dette er jo og i visjonen til Ål om at Ål er for alle. Vi på leirskulen bruker jo alternative læringsarenaer for alle som kjem på besøk Vi nyttar jo oss blant anna av museet, vi reiser på fisking og vi driver med bålfyring osv. Vi har etter kvart bygd oss opp gode arenaer for å kunne drive på med dei ulike aktivitetane. Som nemnt tidlegare så forgår jo stort sett all undervisninga utandørs hjå oss, der me har fokus på fysisk aktivitet og det at elevane skal få gjera ting, og ikkje berre vera passive tilhøyrarar. Når det gjeld rekruttere og behalde så har jo kommunen vore til stor hjelp med tilrettelegging for dei tilsette på leirskulen slik att dei kan ha ei delt stilling mellom leirskulen og dei ulike skulene slik att dei har fått den stillingsstorleiken dei har ynskja. Dette året har det vore litt mindre belegg på leirskulen og det har gjort til at fleire av oss av jobba som vikar på dei ulike barneskulene i Ål Vi har jo og eit evalueringsmøte med dei lærarane som har vore på besøk her før dei reiser heim. Det er ein veldig fin måte å få tilbakemelding på korleis dei ulike aktivitetane har fungert både for elevane og dei vaksne.

Fortsetje med å ha praktisk tilnærming på aktivitetane og la elevane oppleve mykje meistring gjennom aktivitetane. Ta omsyn til dei som treng litt ekstra tilrettelegging, slik at dei kan delta på same måte som dei andre elevane Det er og viktig at dei får det ansvaret det er med å ha eigen hytte å ta vare på. Vi kjem og til å ha stort fokus på at elevane som besøker oss skal sitja att med mykje læring både sosialt og i forbindelse med aktivitetane. Leirskulen skal vera ein arena for absolutt alle.»

2.3. Familiens hus

«Familiens hus har tenestene: pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), logoped, svangerskapsomsorg, helsestasjonstenester, psykisk helse born og unge, ungdomslos og barnekoordinator. Tenestene i familiens hus er plassert i helse og omsorgssektoren, men jobbar i tett samarbeid med oppvekst. I 2025 har vi jobba for å vidareutvikle systemarbeidet og primærkontaktarbeidet vårt ut i mot barnehagar og skuler. I barnehagane har me hatt særleg fokus på inkludering og leik. I skulene har me litt ulikt fokus utifrå kva dei ulike skulene treng. Me har fokus på å få til gode system for å jobbe med tidleg innsats etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats – modellen). Rett hjelp på rett nivå. Ein del av satsinga i 2025 har dreid seg om å få til tettare samarbeid om overgang og "ombordstigninga" på universelt nivå inn i 1., 5. og 8. Trinn. Gjennom 2025 har avdelingane i helse i lag med oppvekst gjennomført kursrekka: Heilheitlege tenester til born og unge i regi av KS Agenda. Dette har hatt fokus på tettare tverrfagleg samarbeid og å betre strukturen i systema våre, samt videre implementering av BTI.

Familiens hus har satt tre team:

• Småbornsteam: Jobbar med born frå 0-5 år. Teamet består av jordmor, helsesjukeleiar, pp-rådgjevarar, psykisk helse born og unge og logoped.

• Barneskuleteam: Jobbar med born frå 6-12 år, og er knytt opp mot born og familiar i barneskulealder. Teamet består av helsesjukepleiar, pp-rådgjevar og psykisk helse born og unge. Teamet er videre delt inn i mindre team tilknytt kvar skule.

• Ungdomsteam: jobbar med born og unge frå 13-25 år. Teamet består av helsesjukepleiar, pp-rådgjevar, psykisk helse born og unge og ungdomslos. Hovudfokuset er på ungdomsskule, men jobbar med ungdom og familiane deira også i vidaregåande alder og inn i vaksenlivet.

I teama jobbar vi tverrfagleg for å heve kompetansen i drøftingane, samt få eit meir heilheitleg blikk. I tillegg til å jobbe på tvers av teama der det er hensiktsmessig. Helsesjukepleiarane, pp-rådgjevarane og ungdomslos bruker no meir tid ute i barnehagar og skuler for å ha eit meir forebyggande og styrkande fokus. Målet er at dette skal styrke den inkluderande praksisen og barnehagar og skuler skal få eit tilfang av veiledning og fagfokus som kan føre til styrking av nærver i barnehage og skule.

PPT er aktiv deltakar og er med og driv kompetanseløftet for inkluderande praksis i Ål i lag med oppvekstsektoren.

Familiens hus er aktiv i mange saker rundt born og unge med store og samansette behov. Dette er viktig. Vi ynskjer å komme endå tidlegare inn for å jobbe forebyggande og styrkande i lag med barnehagar, skulene, introtenesta og familiane. Dette er ei satsing i tida som kjem.»

2.4. Kulturskulen, Ål introsenter og Hallingdal leirskule

Ål kulturskule

344 elevplassar fordelt på 233 individuelle elevar. 12 lærarar (inkl. rektor) i hovudsak i deltidsstillingar (5,15 stillingsheimlar). Disiplinar: teater, dans, yoga, slagverk, song, piano, hardingfele, fiolin, kveding, toradar, gitar, bass, visuell kunst, elektronisk musikkproduksjon og sceneteknikk.

Rektor administrerer også «Den kulturelle skulesekken» i kommunen.

Ål introsenter

Ål introsenter består av to team.

Busetting og inkludering: I perioden 2022-2025 vart det busett nesten 200 flyktningar i Ål kommune. I 2025 vart det fleire endringar gjennom året (nedjustering frå IMDi), men enda på 18 busetjingar inkludert 5 mindreårige. I 2026 er det vedtak om å busette 25 flyktningar, inkludert fem einslege mindreårige flyktningar. Teamet har 5 stillingar (ein av dei i 50%), som har ansvar for å etablere og følgje opp busette flyktningar, og for å organisere og følge opp introduksjonsprogrammet.

Norskopplæring: Ansvar for undervisning i norsk og samfunnskunnskap for vaksne busette flyktningar, familiesameinte og arbeidsinnvandrarar frå Ål og Hol. Teamet består av teamleiar, samt 6 lærarar. Det er fokus på praksisnær og arbeidsretta undervisning, som blant anna bransjespesifikke valfag. Det er også utvikla digitale undervisningstilbod for at elevane skal kunne kombinere norskopplæring med jobb. Me tilbyr bransjeretta norskopplæring til bedrifter ute av huset. Elevtalet ligg på om lag 70 elevar(våren 25).

Hallingdal leirskule

Leirskulen hadde ca. 1660 elevar innom i løpet av 2025. Leirskulen hadde besøk av skuler frå Bærum, Oslo, Sandefjord, Færder, og Ågotnes kommune i 2025. 2025 var siste året me hadde Sandefjord kommune på besøk. Dette har gjort til at vi har redusert stillingsprosenten for skuleåret 2025/2026 så no har leirskulen 4 lærarar som tilsaman har 240 % stilling inkl. rektoradministrasjon i 20% stilling. Det positive for 2025 er at vi vann anbodsrunden for Lørenskog kommune; ifrå skuleåret 2026/2027 bør det bli fleire skuler som kjem på besøk til oss.

3. Elevar og lærarar

3.1. Elevtalsutvikling

Ål kommune (EIGAR) | Tal elevar | Eigne tal


Skuleår	Tal elevar
2025-26	468
2024-25	474
2023-24	521

Tabell 3: Tal elevar frå skuleår 2023/2024 – 2025/2026, Ål kommune (EIGAR), Grunnskule, Tal elevar, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn.

Ser vi på utvikling i elevtal over tid, ser vi same tendens;

Elevtalsutvikling

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
1-7.trinn	460	438	446	433	407	391	374	350	333	333	343	306	304
8-10.trinn	183	201	191	205	183	190	184	200	187	195	178	168	164
Totalt	643	639	637	638	590	581	558	550	520	528	521	474	468



Tabell 4: Tal elevar frå 2013-2025.

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) (https://gsi.udir.no/informasjon/)

Utvikling i tal førsteklassingar fram til skuleåret 2030/31 viser også ein synkande tendens;

Utvikling tal førsteklassingar i Ål kommune ut frå barnehagetal pr 01.12.25:

1. klasse	2026/2027 Født 2020	2027/2028 Født 2021	2028/2029 Født 2022	2029/2030 Født 2023	2030/2031 Født 2024
Nordbygdene skule	3	7	2	6	7
Nedre Ål skule	34	29	35	26	19
Torpo skule	8	3	3	7	3
SUM	**45**	**39**	**40**	**39**	**29**

Tabell 5: Utvikling tal førsteklassingar i Ål kommune ut frå barnehagetal pr 01.12.25.

Vurdering:

Tal elevar i grunnskulen i Ål kommune har vore synkande dei siste åra, med nesten 30% reduksjon frå 2013 til 2025. Denne utviklinga ser ut til å fortsetje.

Reduksjon i elevtal, saman med rekrutteringsutfordringar (sjå nedanfor), auka behov for omfattande tiltak og støtte rundt enkeltelevar og behov for spesialkompetanse i skulen, vil krevja nye måtar å organisere og dimensjonere tenestene på.

3.2. Lærartettleik

Grafane under viser kor mange elevar vi har per lærar.

Ål kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn | Eigne tal



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 1.-4. trinn

Graf 1: Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn for skuleåret 2023/2024 til 2025/2026.

Ål kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn | Eigne tal



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 5.-7.trinn

Graf 2: Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn for skuleåret 2023/2024 til 2025/2026.

Ål kommune (EIGAR) | Lærartettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn | Eigne tal



Graf 3: Lærartettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn for skuleåret 2023/2024 til 2025/2026.

Vurdering:

For skule er bemanningsnormen maks. 15 elevar pr lærar i ordinær undervisning 1.-4. trinn, og maks. 20 elevar pr lærar i ordinær undervisning 5.-10. trinn. Dette gjeld for kvar skule, og definerer ikkje kor store klassane skal vera (https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/informasjon-om-larernormen/id2589169/?q=brev).

Grafane viser at lærartettleik 1.-4. trinn har gått ned siste året, men er identisk med fjoråret for 5.-7. trinn og 8.-10. trinn.

Behalde og rekruttere fagpersonell i skule blir ei svært viktig oppgåve framover; oppvekstsektoren må fokusere på å behalde alle dei dyktige tilsette vi har i sektoren, og samstundes prøve ut tiltak for å rekruttere nye. Sektoren har ikkje klart å rekruttere nok personell med formell kompetanse. Ål kommune står her i same situasjonen som mange andre kommunar i Noreg; det er ei utfordring å rekruttere personell med godkjent utdanning. Det er viktig at kommunen jobbar med denne utfordringa framover; vurdere alternative måtar å organisere tenestene på, setje i gang eit målretta arbeid for å betre rekrutteringssituasjonen til denne type stillingar i kommunen og arbeide med kompetanseheving for tilsette som allereie arbeider i sektoren.

Samanliknar vi med andre kommunar, er lærartettleiken likevel mindre i Ål kommune enn kommunar det er naturleg å samanlikne med;

Kvalitet – andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning:

	2021	2022	2023	2024
Ål	94,7	91,5	87,9	86,0
Hol	97,2	89,6	81,9	88,1
Gol	100,0	95,1	97,7	98,7
Hemsedal	96,2	88,3	97,8	96,0
Nord-Aurdal	98,6	93,3	94,5	90,5


Tabell 6: Samanlikning lærartettleik i kommunane Ål, Hol, Gol, Hemsedal og Nord-Aurdal kommune frå 2021 til 2024.

Kjelde: Framsikt/Kostra

Difor er det viktig å utvikle organisatoriske, pedagogiske og didaktiske løysingar som kan gjera sektoren robust til å møte framtida.

3.3. Undervisningspersonell


Ål kommune (EIGAR) | Årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning | Eigne tal



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Årsverk for undervisningspersonale, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

Graf 4: Årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning frå skuleåret 2023/2024 til 2025/2026.

Ål kommune (EIGAR) | Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning | Eigne tal




Ål kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

Graf 5: Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning frå skuleåret 2023/2024 til 2025/2026.

Oversikt lærar/vaksen pr elev i grunnskulen i Ål i perioden 2013-2025 syner at tal elevar pr tilsett i skulen gått ned, medan andel lærarar og kvalifiserte lærarar har gått ned.

Lærartettleik / vaksentettleik

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Elevar	643	639	637	638	590	581	558	550	520	528	521	474	468
Lærarar	74,6	70,7	71,2	77,1	76,8	78,9	80,9	79,5	77,8	76,7	72,4	65,4	69,6
Kvalifisert lærar	66,4	67,7	67,9	70,9	72,7	73,8	76,4	75,0	73,4	70,1	63,6	56,4	63,3
Tilsette	91,3	83,0	84,9	89,0	93,3	92,3	97,6	101,4	100,5	95,7	99,7	91,0	95,2
Elev per lærar	8,6	9,0	8,9	8,3	7,7	7,4	6,9	6,9	6,7	6,9	7,2	7,2	6,7
Elev per kvalifisert	9,7	9,4	9,4	9,0	8,1	7,9	7,3	7,3	7,1	7,5	8,2	8,4	7,4
Elev per tilsett	7,0	7,7	7,5	7,2	6,3	6,3	5,7	5,4	5,2	5,5	5,2	5,2	4,9




Tabell 7: Oversikt lærar/vaksen pr elev i grunnskulen i Ål i perioden 2013-2025.

Kjelde: GSI (https://gsi.udir.no/informasjon/)

Vidare viser GSI-tal at andel lærarar utan godkjent utdanning har variert mykje i perioden 2013-2025; frå 0,5 på 1.-7. trinn i 2021, til 16,6 på 1.-7. trinn i 2024.

Lærarar utan godkjent utdanning

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Prosentandel, 1.-7.trinn	12,5	3,8	3,6	7,4	3,9	4,7	3,9	2,2	0,5	5,8	10,7	16,6	9,0
Prosentandel 8.-10.trinn	7,9	5,0	7,0	9,3	8,4	9,0	8,2	11,4	13,3	12,7	14,6	9,6	8,9
Prosentandel totalt	11,1	4,2	4,6	8,0	5,3	6,4	5,6	5,9	5,7	8,6	12,2	13,8	9,0



Tabell 8: Oversikt andel lærarar utan godkjent utdanning i grunnskulen i Ål i perioden 2013-2025.

Kjelde: GSI (https://gsi.udir.no/informasjon/)

Dersom vi ser nærare på undervisningskompetanse i faga norsk, matematikk og engelsk, er andel lærarar som manglar undervisningskompetanse i norsk på 40,5% i 2025 for Ål kommune.

Lærarar som manglar undervisningskompetanse i norsk

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Prosentandel, 1-7			29,5	40,0	27,1	26,5	30,4	27,9	20,5	19,5	27,5	38,6	40,5
Prosentandel, 8-10			22,2	0,0	25,0	20,0	25,0	12,5	14,3	14,3	0,0	0,0	0




Tabell 9: Oversikt andel lærarar som manglar undervisningskompetanse i norsk i grunnskulen i Ål i perioden 2013-2025.

Kjelde: GSI (https://gsi.udir.no/informasjon/)

I matematikk er det 42,9% av lærarane som manglar undervisningskompetanse i faget 1.-7. trinn, og 28,6% på ungdomstrinnet:

Lærarar som manglar undervisningskompetanse i matematikk

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Prosentandel, 1-7			44,4	59,1	44,2	43,2	39,0	36,1	30,3	18,2	18,9	25,0	42,9
Prosentandel, 8-10			66,7	85,7	87,5	85,7	62,5	62,5	37,5	37,5	12,5	20,0	28,6




Tabell 10: Oversikt andel lærarar som manglar undervisningskompetanse i matematikk i grunnskulen i Ål i perioden 2013-2025.

Kjelde: GSI (https://gsi.udir.no/informasjon/)

Når det gjeld engelsk, er andel lærarar som manglar undervisningskompetanse i faget på 59,1% i 2025 på 1.-7. trinn, og 33,3% på ungdomstrinnet:

Lærarar som manglar undervisningskompetanse i engelsk

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Prosentandel, 1-7			67,7	81,5	74,2	69,0	76,7	74,1	61,1	46,2	63,3	50,0	59,1
Prosentandel, 8-10			16,7	16,7	20,0	0,0	16,7	0,0	0,0	0,0	16,7	33,3	33,3



Tabell 11: Oversikt andel lærarar som manglar undervisningskompetanse i engelsk i grunnskulen i Ål i perioden 2013-2025.

Kjelde: GSI (https://gsi.udir.no/informasjon/)

Vurdering:

Lærarutdanningssystemet vart endra frå hausten 2017 for å imøtekome ambisjonane i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20); lærarutdanning gjekk frå å vere ei 4-årig utdanning (adjunkt) der ein var kvalifisert til å jobbe på alle trinn frå 1. – 10.trinn, til å bli ei 5-årig masterutdanning der ein blir kvalifisert til å jobbe innanfor spesifikke alderspenn. No blir ein anten utdanna som Grunnskulelærar 1.-7., der ein er kvalifisert for å jobbe i 1.-7.trinn i grunnskulen, eller som Grunnskulelærar 5.-10. der ein er kvalifisert for å jobbe i 5.—10.trinn. Det er i tillegg stilt kompetansekrav for lærar som skal undervise i basisfaga matematikk, norsk og engelsk, der ein i 1.-7.trinn må ha 30 studiepoeng (tilsvarar ½ årsstudium) og for å undervise i 5.-10.trinn må ha 60 studiepoeng (tilsvarar 1 årsstudium) for å undervise i basisfaga.

Nasjonalt er det låg rekruttering til lærarutdanninga samanlikna med behovet ute i kommunane. Dei nye kompetansekrava for å undervise i fag på dei ulike trinna er føremålstenleg ut frå dei nasjonale måla om å ha høgt kvalifiserte lærarar, men skapar også utfordringar for mindre kommunar og små skular, då utdanna lærarar ikkje er kvalifiserte til å jobbe på alle trinn eller i aktuelle fag.

Årsverk for undervisningspersonale til undervisning har i Ål kommune gått ned frå 2023/24 til 2025/26, til 60,9%. Andel årstimar gjeve av personell med godkjent utdanning har derimot gått noko opp frå 2023/24, til 91% i 2025/26.

Ål kommune har ei klar målsetjing om at all undervisning, både ordinær undervisning, undervisning i alternative læringsarenaer og spes.ped.-undervisning, skal ivaretakast av personell med godkjend utdanning. Ny opplæringslov skjerpar utdanningskravet; "Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at dei som blir tilsett i lærarstilling, har relevant fagleg og pedagogisk kompetanse seinast når dei tar til i stillinga (Oppl.lova § 17-3).

Sektoren har per i dag ikkje nok personell med godkjent utdanning. Personell med anna utdanning eller erfaring må ta på seg undervisning og oppgåver på lik linje med personell med godkjend lærarutdanning, i mellombelse tilsetjingsforhold.

4. Læringsmiljø

4.1. Elevundersøkinga

Alle som veks opp i Ål skal bli flygedyktige og rotfaste. I eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar enkelt kraft til å meistre eigne liv. Vi skal stimulere ressursane og styrkene hos barn, unge og vaksne, med fokus på meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og læring (Kjelde: Oppvekst 2030: https://www.aal.kommune.no/siteassets/dokumenter/oppvekst/25112024-rapport-oppvekst-2030-final-jf-kommunestyre-vedtak.pdf)

Elevundersøkinga er ei undersøking der elevane får seie kva dei meiner om faktorar som er viktige for læring og trivsel på skulen. Elevane svarar på spørsmål om trivsel, mobbing, miljø, motivasjon og hjelp frå lærar. Dette hjelper skulen med å sjå kva vi gjer bra og kva vi kan bli betre på.

Tal frå Utdanningsdirektoratet si elevundersøking 2024/25 og 2025/26 nedanfor:

Utval	År	Prikket	Sist oppdatert
Ål kommune (24-25)	24-25		05.01.2026

Scor mellom 1-5	Snitt
Motivasjon	3,2 (raud)
Mestring	3,8 (gul)
Faglig utfordring	4,0 (oransje)
Trivsel	3,9 (gul)
Støtte fra lærer	4,1 (grøn)
Elevdemokrati og medvirkning	3,5 (gul)
Felles regler	4,0 (gul)
Læringskultur	3,9 (kvit)
Vurdering for læring	3,5 (oransje)
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	3,8 (gul)
Støtte hjemmefra	4,1 (grøn)

Tabell 12: Resultat frå UDIR elevundersøking skuleåret 2024/2025.

(Kjelde: Conexus Insight 05.01.26)

Utval	År	Prikket	Sist oppdatert
Ål kommune (25-26)	25-26		05.01.2026

Scor mellom 1-5	Snitt
Motivasjon	3,2 (raud)
Mestring	3,8 (gul)
Faglig utfordring	3,9 (raud)
Trivsel	3,9 (gul)
Støtte fra lærer	4,1 (grøn)
Elevdemokrati og medvirkning	3,4 (oransje)
Felles regler	4,1 (grøn)
Læringskultur	3,9 (kvit)
Vurdering for læring	3,4 (oransje)
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	3,7 (gul)
Støtte hjemmefra	4,1 (grøn)

Tabell 13: Resultat frå UDIR elevundersøking skuleåret 2025/2026.

(Kjelde: Conexus Insight 05.01.26)

Ål kommune (EIGAR) | Elevundersøkinga 7. trinn | Eigne tal

Utval	År	Prikket	Sist oppdatert
Ål kommune 7. trinn (25-26)	25-26		05.01.2026

	Snitt
Motivasjon	3,1 (raud)
Mestring	3,8 (gul)
Faglig utfordring	3,7 (raud)
Trivsel	3,8 (oransje)
Støtte fra lærer	4,2 (grøn)
Elevdemokrati og medvirkning	3,3 (oransje)
Felles regler	4,1 (grøn)
Læringskultur	3,6 (kvit)
Vurdering for læring	3,4 (raud)
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	-
Støtte hjemmefra	4,2 (grøn)

Tabell 14: Resultat frå elevundersøkinga på 7.trinn skuleåret 2025/2026.


Ål kommune (EIGAR) | Elevundersøkinga 10. trinn | Eigne tal

Utval	År	Prikket	Sist oppdatert
Ål kommune 10. trinn (25-26)	25-26		05.01.2026

	Snitt
Motivasjon	3,0 (raud)
Mestring	3,8 (gul)
Faglig utfordring	4,0 (oransje)
Trivsel	3,8 (oransje)
Støtte fra lærer	4,0 (grøn)
Elevdemokrati og medvirkning	3,3 (oransje)
Felles regler	3,8 (gul)
Læringskultur	3,8 (kvit)
Vurdering for læring	3,2 (raud)
Utdanning og yrkesveiledning (ungdomsskolen)	3,9 (grøn)
Støtte hjemmefra	3,9 (gul)

Tabell 15: Resultat frå elevundersøkinga på 10.trinn skuleåret 2025/2026.

UngData-undersøkinga 2025 gjev oss også statistikk i forhold til korleis ungdommar opplever at dei har det på skulen (kjelde: UngData-rapport s. 19);



Graf 6: Resultat frå UngData undersøkinga 2025 om korleis elevane opplever at dei har det på skulen.

Vurdering:

Elevundersøkinga frå 24/25 samla viser at elevane opplever stor grad av støtte frå lærar og støtte heimanfrå. Undersøkinga indikerer at elevane opplever dårleg eigenmotivasjon. Vi har elevar som har interesse for å lære, men vi kan stille spørsmål ved om det er for mange elevar som ikkje likar skulearbeid, eller ikkje brukar tid på skulearbeid.

I elevundersøkinga 25/26 samla gjev også høg scor på støtte frå lærar og støtte heimanfrå, men også høg scor på felles reglar. For 10. trinn er det også høg scor på utdanningsrettleiing. Det er dårleg scor på motivasjon, men også på faglege utfordringar. Vi må stille spørsmål ved om det er fleire elevar som ikkje får nok utfordringar i alle fag. Når det gjeld elevundersøkinga 25/26 for 7. trinn, gjev motivasjon, faglege utfordringar og vurdering for læring dårleg scor. Når det gjeld 10. trinn i undersøkinga 25/26, er det motivasjon og vurdering for læring som scorar dårlegast.

Sektoren må undersøke låg scor på motivasjon og faglege utfordringar nærare, og evt setje i gang målretta tiltak i forhold til dette.

4.2. Mobbing på skulen

Nasjonalt rapporterer Udir at færre elevar opplever mobbing og fleire er motiverte. «Etter pandemiåra (2020–21) hadde elevanes sjølvapporterte læringsmiljø ei markant negativ utvikling dei neste to åra (2022–23). I 2024 så vi tendensar til at den negative utviklinga var i ferd med å snu. Fleire indikatorar peikte i positiv retning. Vi ser ein endå tydelegare positiv utvikling i år, særleg på 10. trinn. I 2025 er det ingen indikatorar som beveger seg i negativ retning for nokon av trinna. Vi ser at trivsel, motivasjon, vurdering for læring og felles reglar aukar på 10. trinn. På vg1 aukar «Utdanning og yrkesveiledning». På 7. trinn ligg alle indikatorar på same nivå som i fjor, men ser vi nærmare på enkeltspørsmåla, finn vi òg her enkelte positive utviklingstrekk.»

Kjelde: Overordnede tall på læringsmiljøet i skolen | udir.no

Tala frå elevundersøkinga 2025-26 ift mobbing på skulen:

Mobbing på skulen 7. trinn

	2024/25	2025/26	Svar% 24/25	Svar% 25/26
Nasjonalt	12,3%	11,3%	90,6%	91,5%
Ål	13,0%	20,9%	93,9%	89,6%

Tabell 16: Resultat frå elevundersøkinga på 7. trinn skuleåret 2025-2026 knytt til mobbing på skulen.

Kjelde: Analysebrettet - Nøkkeltall for grunnskole

Mobbing på skulen 10. trinn

	2024/25	2025/26	Svar% 24/25	Svar% 25/26
Nasjonalt	10,6%	9,6%	85,7%	86,3%
Ål	2,0%	26,7%	89,3%	88,2%

Tabell 17: Resultat frå elevundersøkinga på 7. trinn skuleåret 2025-2026 knytt til mobbing på skulen.

Kjelde: Analysebrettet - Nøkkeltall for grunnskole

I Elevundersøkinga blir «mobbing på skolen» definert på følgande måte:

"Mobbing på skulen" viser andel elevar som opplever å bli mobba på skulen 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare. Andel elever som opplever mobbing er summen av andel elever som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Andel elevar som har blitt mobba på skulen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.


Indikatoren «andel elever som opplever mobbing skolen» måles via tre spørsmål:

- Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?
- Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene?
- Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene?»

Kjelde: https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/om-statistikken--tilstandsrapporten-for-grunnskolen/elevundersokelsen-i-grunnskolen/#mobbing-pa-skolen-prosent

Frå UngData-undersøking gjennomført i Ål kommune januar 2025:


Mobbing på skulen/fritid:




Graf 7: Resultat UngData undersøkinga 2025, prosentandel ungdommar som bli utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av dei andre skulen i fritida kvar 14.dag.

Kjelde: UngData-rapport 2025 s. 49/50.

Prosentandel gutar/jenter som blir utsett for mobbing eller er med på mobbing og prosentandel ungdomar som blir utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge, skule eller fritid:





Graf 8: Resultat UngData undersøkinga 2025, prosentandel gutar/jenter som blir utsett for mobbing eller er med på mobbing og prosentandel ungdom som blir utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge, skule eller fritid.

Kjelde: UngData-rapport 2025

Vurdering:

Alle har rett til ei trygg skulekvardag, og målet til Ål kommune er å skape ei mobbefri skule. Sektoren jobbar alltid for at alle elevar skal kjenne seg trygge på skulen.

Ut frå Elevundersøkinga 25/26 opplever 20,9% av elevane på 7, trinn og 26,7% av elevane på 10. trinn mobbing.

Ut frå UngData-undersøkinga som omfattar elevar ved ungdomsskulen, er mobbing oppe på 2017-nivå med 13%. Desse tala viser også at gutar er mest utsette for mobbing og deltek i mobbing. Ungdommane rapporterer også høgare frekvens enn nasjonalt når det gjeld mobbing kvar 14. dag og ein gong i månaden, medan Ål ligg likt med nasjonalt nivå når det gjeld mobbing fleire gonger i veka og om lag ein gong i veka.

Dette er resultat skulene og sektoren snarast må undersøke nærare, og igangsetje konkrete tiltak i forhold til. Mange tiltak er på gang i sektoren. Administrasjonen orienterer og drøftar dessutan jamnleg utviklinga i sektoren saman med SUKO.

5. Spesialpedagogisk innsats

Ny opplæringslov trådde i kraft 01.08.2024 og erstattar lova frå 1998. Det har vorte ny inndeling i kapittel med tilhøyrande paragrafar og endring av omgrep. Lova tydeleggjer at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn ved handlingar og avgjersler som gjeld barn og unge. Dei største endringane finn ein under spesialundervisning, tidleg innsats og rolla til pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).

Omgrepet «spesialundervisning» med tilhøyrande paragraf § 5-1 er erstatta. No er omgrepet og paragrafen delt inn i 3 nye paragrafar;

- §11-6 «individuell tilrettelagt opplæring», for dei som ikkje får tilfredsstillande utbytte av ordinær undervisning. Denne er den same som den gamle §5-1 om spesialundervisning. Her må det føreligge en sakkyndig vurdering frå PPT.
- § 11-4 «personleg assistanse», for dei som treng litt ekstra støtte for å kunne delta i undervisning. Her treng det ikkje å føreligge ei sakkyndig vurdering frå PPT. Skulen kan sjølv fatte vedtak ved behovet for § 11-4.
- § 11-5 «fysisk tilrettelegging», for dei som treng tekniske hjelpemiddel og fysisk tilrettelegging.

All type spesialpedagogisk hjelp vart før tildelt under same paragraf. Frå aug. 2024 nyttar ein ulik paragraf etter behovet. No blir hjelpa delt inn i praktisk hjelp og eller hjelp i forhold til «ikkje utbytte av ordinær opplæring». Med denne lovendringa vil ein mest truleg få ein nedgang i «individuell tilrettelagt opplæring» i forhold til før 2024, men elevane sine behov vil uansett vera dei same - berre at ein tel dette på ei anna måte.

Omgrepet «Tidleg innsats» (§1-4) er no erstatta med «intensiv opplæring» (§11-3). Lovendringa presiserer handlingsrommet skulen har innan for 1.-4.trinn for å kunne gje tilpassa og intensiv opplæring utan vedtak om spesialpedagogisk hjelp i botn. Den intensive opplæringa skal vera ein del av den ordinære opplæringa og er kjenneteikna av ein kortvarig og målretta innsats i t.d. lesing, skriving og rekning. Eleven skal ikkje ha avvik frå kompetansemåla i læreplanverket.

Tilfredsstillande utbytte av opplæringa (§11-2): Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at lærarane følger med på utviklinga til elevane og melder frå til rektor dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Om det må til, skal skulen setje i verk eigna tiltak, jf. §§ 11-1 og 11-3. Skulen skal vurdere om tiltaka er nok til å gje eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i §§ 11-4, 11-5 og 11-6.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) (§11-13): PP-tenesta sine oppgåver knytt til *systematisk* og *førebyggande arbeid* er tydeleggjort og presisert i nytt lovverk. Det er færre krav om sakkyndig vurdering som følgje av oppdelinga av den gamle «spesialundervisninga» som kravde sakkyndig utgreiing. No er det berre krav til sakkyndig utgreiing frå PPT der ein skal ha «individuell tilrettelagt opplæring». Kravet om utgreiing av saka før ein fattar vedtak for dei andre paragrafane fell no i staden på rektorane/styrane.

Status på saker PPT og logoped for Ål kommune

Status saker PPT og Logoped 01.01.2025 – 31.12.2025	**PPT**	**Logoped**	**Audio-pedagog**
Alle aktive saker	205	34	**
Oppfølgingssaker	119	34	**
Nye tilmeldingar 2025	50	**	**
Re-tilmeldingar	29	**	**

Tabell 18: Tal saker PPT og logoped 01.01.2025-31.12.2025.

** For små tal til at vi kan rapportere (personvernomsyn)

«Alle aktive saker» viser saker med sakkyndig vurdering og oppfølgingssaker.

«Oppfølgingssaker» handlar om elevar som har rett til individuelt tilrettelagt opplæring. For at PPT skal kunne følge opp saka etter vedtaket er fatta, må skulen/barnehagen og føresette ønske det. Oppfølging inneber både pedagogiske tiltak og deltaking på møter om barn/elev. Utan denne avtala har ikkje PPT lovheimel til å handle etter at eit vedtak er gjeve. Oppfølgingsarbeidet er ei blanding av systemarbeid og individuelle tenester.

«Nye tilmeldingar 2025» tel alle saker som er *tilvist* til PPT for ei sakkyndig utgreiing. Det er normalt at PPT på våren, siste halvdel av andre semester, får inn mange nye tilmeldingar. Året 2025 vart det registrert 50 nye tilmeldingar.

«Re-tilmeldingar» er tilmeldingar knytt til individuelt tilrettelagt opplæring ut frå § 11-6. Tilmeldingar i høve logoped og audiopedagog blir ikkje re-tilmeldt, men blir eventuelt meldt inn på nytt for nytt driftsår.

Ein elev kan bli telt i fleire kategoriar i tabellen. Ein elev kan til dømes bli telt med i «nye tilmeldingar» og samtidig telle med i «oppfølgingssaker», og vil dermed ha to «saker/kategoriar». Når den sakkunnige vurderinga er skreve er saka avslutta frå PPT og tel inn

i kategorien «nye tilmeldingar». Men ofte får også eleven ei «oppfølgingssak» som gir PPT mandat til å følgje opp vedtak i samarbeid med skule og heim på til dømes samarbeidsmøte, rettleiing, tilrettelegging og tiltak i skulen.

Tabellen nedanfor syner oversikt over tal elevar med individuell tilrettelegging, før kalla spesialpedagogisk undervisning. I tabellen viser ein totalt tal elevar som får individuell tilrettelegging fordelt på individuell tilrettelegging, personelg assistanse og tekniske hjelpemiddel og elevar med vedtak om spesialundervising etter gamal opplæringslov.

2025-2026	**1.-4. trinn** Individuell tilrettelegging/elevar (%)	**5.-7. trinn** individuell tilrettelegging /elevar (%)	**8.-10 trinn** Individuell tilrettelegging/elevar (%)	**Totalt**
Ål	**9,7%**	**18%**	**14%**	**13,7%**
Buskerud	596/11032 **(5,4%)**	883/9038 **(9,8%)**	982/9578 **(10,3%)**	2461/29646 **(8,3%)**
Nasjonalt	10818/235270 **(4,6%)**	16814/187893 **(8,9%)**	19791/198798 **(10%)**	47423/621961 **(7,6%)**

Tabell 19: Oversikt over tal elevar med individuell tilrettelegging skuleåret 2025-2026.

Kjelde: Tal henta frå GSI 1.okt.2025. Prosentdel runda til ein desimal for 2025-2026.

		Ål	**Buskerud**	**Nasjonalt**
Personleg assistanse §11-4	**Totalt**	**0,23%**	**5,49%**	**23 499** (nytt vedtak 19 169 og 4 330 gamalt vedtak)
	M/ indiv.tilrettel.	0,17%	5,88%	15 921
	Utan/ indiv.tilrettel.	0,52%	5,88 %	3 248
Fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel§ 11-5	**Totalt**	**0,09%**	**5,02%**	**4 445**
	M/ indiv.tilrettel.	0,12%	4,17%	3 238
	Utan/ indiv.tilrettel.	0 %	7,29%	1 207

Tabell 20: Oversikt over prosentandel elevar med individuell tilrettelegging skuleåret fordelt mellom personleg assistanse og fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel 2025-2026.

Kjelde: Tal henta frå GSI 1.okt.2025. Prosentdel runda til ein desimal for 2025-2026.

Vurdering:

Ål kommune ligg framleis høgt i prosentdel for elevar som treng spesialpedagogisk hjelp. Lovendringa i Opplæringslova gjer at vi tydelegare kan sjå kor mange elevar som får vedtak etter inndelinga under individuell tilpassa opplæring. Vi ser at vi har ein stor del av elevane som får personleg assistanse. Personleg assistanse kan vere alt frå å få hjelp til å kome i gang i timen, til hjelp på grunn av helsemessige årsaker. Av dei som får personleg assistanse, har litt over halvparten også individuell tilrettelagt opplæring. Det er mange og samansette årsaker som gjer at vi har høge tal. Uansett korleis ein tel og reknar, vil elevane sine behov vera reelle utifrå kontekstuelle og individuelle forhold.

Sektoren arbeider og utforskar fleire moglege måtar å drive opplæring på som varetek barn og unge sin nysgjerrigheit, kreativitet, motivasjon og læringsglede. Sektoren ønsker å utforske nye og innovative organisasjonsformer og utforske kva og korleis ein kan nytte alternative læringsarenaer. Vidare arbeider vi med målsetningane i Oppvekst 2030 om å få meir leik, leikprega læring og praktisk læring i opplæringa.

PP-tenesta i Ål vart oppretta som eige kommunal teneste frå 1. januar 2024, etter at Hol kommune sa opp samarbeidsavtala 1.november 2022 med eitt års oppseiingstid. Oppvekstsektoren hadde fått ei rapport frå Kommunerevisjonen februar 2022 på «Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk» som peika på ein del forbetringspunkt. I lys av dette vedtok politikarane i Ål at PP-tenesta i Ål skulle få behalde stillingsheimlane sine frå før oppdelinga av PPT Ål og Hol, for å kunne vere i posisjon til å jobbe meir førebyggande og systemretta saman med barnehage og skule inn mot barn og unge og deira familiar. PPT Ål blei langt under Familiens hus der tenestene helsestasjonen, psykisk helse barn og unge, ungdomslos, logoped og barnekoordinator høyrer til. Familiens hus med PP-tenesta og oppvekst vidareutviklar samarbeidet for meir førebyggande og systemretta arbeid for å styrke inkluderande praksis og spesialpedagogikk. Vi har saman utforma nokre overordna mål for samarbeidet:

- *Samarbeid på systemnivå* – praktisk samarbeid til beste for barn og unge, førebygge og følgje opp.
- *Profesjonsfagleg fellesskap* – reflektere, analysere og evaluere eigen praksis på individ- og systemnivå. Fremme anerkjennande undersøking, nytte verktøy/arbeidsmåtar som m.a. appreciative inquiry, positiv praksisfortelling, pedagogisk analyse m.m.

Vi ser allereie positive effektar av det tette samarbeidet med tenestene i Familiens hus og PPT, og dei ressursane som vart tildelt PPT. Både barnehagane og skulane samarbeider tett med PPT og Familiens hus, gjennom primærkontaktmøte og tverrfaglege møte der vi utviklar tettare samarbeid, får rettleiing og kompetanseheving. Barnehagane og skulane melder om at dei får raskare og tettare veiledning og oppfølging i det pedagogiske arbeidet, med barnegrupper og

enkeltindivid. Skulane melder om at dei har blitt betre til å sette inn og vurdere interne tiltak før tilmelding til PPT, i tillegg til å utvide forståinga for kva ein kan gjere innanfor tilpassa opplæring. Alle avdelingane har sine faste primærkontaktar frå PPT og helsestasjonen som jamleg er ute på avdelingane; vera i læringsmiljøet for observasjon, rettleiing, refleksjonspartnarar og oppfølging av system- og individsaker. Viser vidare til Familiens hus og avdelingane sine eigne omtalar av samarbeidet.

6. Resultat nasjonale prøver og kartleggingsprøver

6.1. Resultat frå nasjonale prøver 5. trinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.

Oppvekstsektoren har som overordna målsetjing å løfte fagleg nivå hos alle elevar med utgangspunkt i den enkelte elev sin kompetanse og styrker.

Meistringsnivå 1 er det lågaste nivået, meistringsnivå 3/5 er høgaste nivået.

Data om meistringsnivåa kan m.a. vise oss:
1: om vi klarar å løfte dei svakaste elevane som over tid gjev færre elevar på nivå 1
2: korleis fordelinga av elevane ligg i dei ulike nivå

Rekning


Ål kommune (EIGAR) | Skalapoeng 5. trinn - rekning | Eigne tall



Graf 9: Resultat frå nasjonale prøver, skalapoeng i rekning på 5. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Ål kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn - rekning | Eigne tal

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

Graf 10: Resultat nasjonale prøver, meistringsnivå i rekning på 5. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Lesing

Ål kommune (EIGAR) | Skalapoeng 5. trinn - lesing | Eigne tal


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, skalapoeng, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Graf 11: Resultat frå nasjonale prøver, skalapoeng i lesing på 5. trinn frå skuleåret 2003-2024 til 2025-2026.


Ål kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn - lesing | Eigne tal



Graf 12: Resultat frå nasjonale prøver, meistringsnivå i lesing på 5. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.


Engelsk

Ål kommune (EIGAR) | Skalapoeng 5. trinn - engelsk | Eigne tal



Graf 13: Resultat frå nasjonale prøver, skalapoeng i engelsk på 5. trinn frå skuleåret 2003-2024 til 2025-2026.

Ål kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn - engelsk | Eigne tal



Graf 14: Resultat frå nasjonale prøver, meistringsnivå i engelsk på 5. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Vurdering:

I all statistikk vil data for små skular og små kommunar vera sårbare for data vedrørande enkeltelevar eller små grupper av elevar. Ein enkelt elev som presterer svært godt eller svært dårleg, vil påverka gjennomsnittet mykje meir på ein liten skule enn på ein stor skule og dermed og på kommunenivå avhengig av storleiken på kommunen. Det betyr at vi skal vera varsame med kva vi konkluderer på bakgrunn av desse tala; små kull der nokre elevar av naturlege årsaker slit med det faglege stoffet, vil synast i datasettet. Omvendt vil små kull, der elevane skårar høgt, også kunne vise av datasettet. Vi må difor vera forsiktige når vi samanliknar gjennomsnitt basert på få elevar.

Resultat dei 3 siste åra viser stor variasjon, både i rekning, lesing og engelsk. Det er difor vanskeleg å dra eintydige konklusjonar ut frå desse data.

Grunnleggande må sektoren i samarbeid med det politiske nivået ta stilling til korleis resultata frå nasjonale prøver og kartleggingsprøver skal prege utviklinga av sektoren.

6.2. Resultat frå nasjonale prøver ungdomstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.


Rekning

Ål kommune (EIGAR) | Skalapoeng 8. trinn - rekning | Eigne tal




Graf 15: Resultat frå nasjonale prøver, skalapoeng i rekning på 8. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Ål kommune (EIGAR) | Skalapoeng 9. trinn - rekning | Eigne tal




Graf 16: Resultat frå nasjonale prøver, skalapoeng i rekning på 9. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Ål kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn - rekning | Eigne tal



Graf 17: Resultat frå nasjonale prøver, meistringsnivå i rekning på 8. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.


Ål kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 9. trinn - rekning | Eigne tal



Graf 18: Resultat frå nasjonale prøver, meistringsnivå i rekning på 9. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Lesing

Ål kommune (EIGAR) | Skalapoeng 8. trinn - lesing | Eigne tal




Graf 19: Resultat frå nasjonale prøver, skalapoeng i lesing på 8. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Ål kommune (EIGAR) | Skalapoeng 9. trinn - lesing | Eigne tal




Graf 20: Resultat frå nasjonale prøver, skalapoeng i lesing på 9. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Ål kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn - lesing | Eigne tal



Graf 21: Resultat frå nasjonale prøver, meistringsnivå i lesing på 8. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.


Ål kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 9. trinn - lesing | Eigne tal



Graf 22: Resultat frå nasjonale prøver, meistringsnivå i lesing på 9. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.


Engelsk

Ål kommune (EIGAR) | Skalapoeng 8. trinn - engelsk | Eigne tal



Graf 23: Resultat frå nasjonale prøver, skalapoeng i engelsk på 8. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Ål kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn - engelsk | Eigne tal



Graf 24: Resultat frå nasjonale prøver, meistringsnivå i engelsk på 8. trinn frå skuleåret 2023-2024 til 2025-2026.

Vurdering:

Også ved ungdomsskulen er det store variasjonar, både innan rekning, lesing og engelsk. Her kan også skilnader mellom dei ulike kulla gje utslag. Ein vurderer at vi skal vera forsiktige med å konkludere berre på bakgrunn av dette datasettet.


Sektoren vil dei komande åra sjå korleis den akademiske-faglege utviklinga går. Det er likevel endå eingong viktig å minne alle om at resultat frå nasjonale prøver ikkje kan stå åleine, noko UDIR også påpeikar. Resultat frå nasjonale prøver er ein del av heilskapen til den faglege utviklinga hos eleven, og resultata krev som tidlegare omtala ei grundig analyse; sjølvsagt ei analyse opp mot kommunen sine mål for sektoren, og dei nasjonale mål for oppvekstsektoren.

7. Karakterar og grunnskulepoeng

7.1. Karakterar

Norsk

Ål kommune (EIGAR) | Norsk hovudmål standpunkt | Eigne tal



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn

Graf 25: Resultat karakterar norsk hovudmål standpunkt frå skuleåret 2022-2023 til 2024-2025.

Ål kommune (EIGAR) | Norsk hovudmål skriftleg eksamen | Eigne tal




Ål kommune (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål skriftlig eksamen, Offentlig skole, Alle kjønn

Graf 26: Resultat karakterar norsk hovudmål skriftleg eksamen frå skuleåret 2022-2023 til 2024-2025.

Engelsk


Ål kommune (EIGAR) | Engelsk standpunkt | Eigne tal



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn

Graf 27: Resultat karakterar engelsk standpunkt frå skuleåret 2022-2023 til 2024-2025.

Ål kommune (EIGAR) | Engelsk skriftleg eksamen | Eigne tal



Graf 28: Resultat karakterar engelsk skriftleg eksamen frå skuleåret 2022-2023 til 2024-2025.

Matematikk

Ål kommune (EIGAR) | Matematikk standpunkt | Eigne tal



Graf 29: Resultat karakterar matematikk standpunkt frå skuleåret 2022-2023 til 2024-2025.

Ål kommune (EIGAR) | Matematikk skriftleg eksamen | Eigne tal



Graf 30: Resultat karakterar matematikk skriftleg eksamen frå skuleåret 2022-2023 til 2024-2025.


Vurdering:

Når det gjeld standpunktkarakter og eksamensresultat, kan det sjå ut som elevane ved ungdomsskulen ligg relativt stabilt dei siste åra. Elevane har fått høgast gjennomsnittskarakter i standpunkt engelsk og på skriftleg eksamen engelsk skuleåret 24/25.

7.2. Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er samla poengsum rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet. Grunnskulepoeng uttrykkjer eleven sitt karaktersnitt på 10. trinn og blir brukt som grunnlag for inntak til vidaregåande opplæring. Elevar som manglar gyldige karakterar i meir enn halvparten av faga blir ikkje med i desse utrekningane. Karakterar i grunnskule er registerdata på individnivå, henta frå fylkeskommunane sitt inntakssystem VIGO. Informasjonen om grunnskulepoeng er eit supplement til den øvrige informasjonen om læringsutbytte (Kjelde: Udir.no).

Ål kommune (EIGAR) | Grunnskulepoeng | Eigne tal



Graf 31: Resultat grunnskulepoeng frå skuleåret 2022-2023 til 2024-2025.

Vurdering:

Grunnskulepoeng for Ål har ligge relativt stabilt dei siste 3 skuleåra (40-41,3).

7.3. Skulebidrag

Kvar elev som byrjar i skulen har med seg mange føresetnader som påverkar resultata hen får. Det er derfor uklart kva vi kan tilskrive skulen sin innsats. Kva betyr lærar si evne til å formidle fag og motivere elevane, skulen sitt arbeid med læringsmiljøet og tilpassa opplæring for elevane sine resultat? Det er nettopp skulen sin innsats skulebidragsindikatorane prøver å vise.

Skulebidragsindikatoren indikerer kor mykje skulen har bidrege til elevane si læring i dei grunnleggande ferdigheiter/fag som blir testa på nasjonale prøver på 5., 8. og 9. trinn samanlikna med bidraget til elevar med tilsvarande elevbakgrunn på landsnivå.

Skulebidraget blir kontrollert for tidlegare elevprestasjonar, i tillegg for foreldrebakgrunn (utdanningsnivå hos føresette, hushaldningsinntekt og innvandringsbakgrunn til elev). Skulebidragsindikatorane gjev ingen forklaring på kvifor bidraget er som det er.


Skule-/kommunebidraget tilsvarar dermed forskjellen mellom dei gjennomsnittlege skalapoenga elevane faktisk oppnår på dei nasjonale prøvene og det snittet dei er forventa å oppnå dersom skulen/kommunen sitt bidrag var likt med landsgjennomsnittet (Kjelde: Udir.no).

Skulebidragsindikatorane på 1.-4. trinn og 5.-7. trinn seier noko om skulen sitt bidrag til eleven sine grunnleggande ferdigheiter i engelsk, lesing og rekning. På same måte er skulebidragsindikatorane på 8.-10. trinn eit mål på skulens bidrag til eleven si læring i eksamensfaget eleven kjem opp i. Utover dette seier ikkje indikatorane noko om skulen sitt bidrag til eleven si læring i andre fag. Den seier heller ikkje noko om skulen si evne til å ivareta andre delar av skulen sitt oppdrag.

Ein skulebidragsindikator kan tolkast som forskjellen mellom det skulen sine elevar faktisk oppnår og det vi forventar at elever skal oppnå når vi tar omsyn til eleven sine føresetnader.


Dersom ein skule har eit faktisk resultat som er i tråd med forventa resultat vil skulebidraget vera likt gjennomsnittet for alle skuler i landet – som er null. Indikatorar med negativt forteikn indikerer at skulen har eit skulebidrag som ligg under landsgjennomsnittet, motsett for indikatorar med positivt forteikn. Ein negativ verdi betyr altså ikkje at skulen bidreg negativt til eleven sine resultat, men at bidraget er lågare enn landssnittet. Samstundes er det viktig å vera forsiktig når ein samanliknar resultat basert på få elevar. Kjelde: Udir.no

Ål kommune (EIGAR) | Skulebidrag 1.-4. trinn | Eigne tal



Graf 32: Skulebidrag 1.-4. trinn frå skuleåret 2020-2021 til 2023-2024.


Ål kommune (EIGAR) | Skulebidrag 5.-7. trinn | Eigne tal



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Skolebidrag, Offentlig skole, 5.-7. trinn

Graf 33: Skulebidrag 5.-7. trinn frå skuleåret 2020-2021 til 2023-2024.

Ål kommune (EIGAR) | Skulebidrag 8.-10. trinn | Eigne tal



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Skolebidrag, Offentlig skole, 8.-10. trinn

Graf 34: Skulebidrag 8.-10. trinn skuleåret 2023-2024.

Vurdering:

Ål kommune har indikatorar med negativt forteikn for 1.-4. trinn, som indikerer at skulen har eit skulebidrag som ligg under landsgjennomsnittet. For 5.-7. trinn og 8.-10. trinn er indikatorane svakt positive (0,3 og 1,0), som tyder på skulebidrag rett over landsgjennomsnittet.

Merk at Udir presiserer at vi skal vera forsiktige med å legge for mykje i desse tala; «Det er viktig å være forsiktig når man samanliknar resultat som er basert på få elever. Én elev som presterer svært godt eller svært dårlig, vil påvirke gjennomsnittet mye mer på en liten skole enn på en stor skole. Desto flere elever et gjennomsnittsresultat er basert på, desto sikrere er vi på gjennomsnittet. For å synliggjøre at det er usikkerhet knyttet til de estimerte indikatorene presenterer vi et usikkerhetsintervall, som viser hvor sikre vi er på at skolens bidrag er forskjellig fra landsnittet.» Kjelde: Hva er skolebidragsindikatorer for grunnskolen? | udir.no

8. Fråvær og gjennomføring

8.1. Fråvær

Målsettinga for sektoren er at alle elevane skal delta aktivt i undervisninga alle 190 skuledagar i året.

Medianen gir eit meir nøyaktig bilete enn gjennomsnittet av kor mykje fråvær det er vanleg for elevane å ha. Dette er fordi medianen ikkje blir like mykje påverka som gjennomsnittet av nokre få elevar med svært høgt fråvær. Medianen blir rekna ut slik: Seks elevar har følgjande fråværsdagar: 3, 3, 6, 18, 19 og 31. Då blir medianen 6 og 18, sidan desse to tala indikerer det høgaste og det lågaste etter at datasettet er sortert. Deretter legg vi saman 6 og 18, som gjev 24. Dette deler vi på 2, slik at medianen blir 12. Gjennomsnittet i dette dømet er 13,33; gjennomsnittet blir altså i større grad påverka av elevane med høgt fråvær enn medianen.

Ål kommune (EIGAR) | Fråvær 10. trinn | Eigne tall

Skuleår	Median dagar fråvær	Median timar fråvær
2024-25	10,0	6,0
2023-24	7,0	9,0
2022-23	11,0	6,0
2021-22	4,0	8,5
2020-21	0,0	3,0

Tabell 21: Oversikt tal fråvær 10. trinn frå skuleåret 2020-2021 til 2024-2025.

Ål kommune (EIGAR) | Fråvær 10. trinn | Geografisk samanlikning

Skuleår	Ål kommune Median dagar fråvær	Ål kommune Median timar fråvær	Nasjonalt - Median dagar fråvær	Nasjonalt - Median timar fråvær
2024-25	10,0	6,0	9,0	8,0
2023-24	7,0	9,0	8,0	7,0
2022-23	11,0	6,0	8,0	6,0
2021-22	4,0	8,5	2,0	3,0
2020-21	0,0	3,0	1,0	2,0

Tabell 22: Oversikt tal fråvær 10. trinn samanlikna med nasjonale tal frå skuleåret 2020-2021 til 2024-2025.

Vurdering:

Ål kommune hadde i 2024/25 høgare dagsfråvær enn året før, og litt høgare enn nasjonalt. Når det gjeld fråvær i timar, er dette redusert frå førre skuleåret, og lågare enn nasjonalt fråvær.

Det er ikkje føremålstenleg å samanlikne med fråværet i covid-tida, då elevane hadde stor grad av heimeundervisning.

Sektoren arbeider saman med helsesektoren med førebygging og tett oppfølging når det gjeld ufrivillig og bekymringsfullt skulefråvær, med fokus på både kortsiktige og langsiktige tiltak, og både retta mot fellesskapet og enkeltelevar.

8.2. Overgangar

Tabellen visar del 16-åringar som går i vidaregåande opplæring same år som dei avslutta grunnskulen.

Ål kommune (EIGAR) | Overgangar frå grunnskule til VGO | Eigne tal

År	Andel overgangar
2024	90,2
2023	93,3
2022	*
2021	*

Tabell 23: Tal 16-åringar som går i vidaregåande opplæring same år som dei avslutta grunnskulen frå 2021 til 2024.

Vurdering:

Gjennomsnitt i Buskerud fylke 2024 ligg på 96,6%. 16-åringar som går rett vidare til vidaregåande opplæring etter grunnskule er altså lågare i Ål kommune enn gjennomsnittet i fylket. Desse tala bør sektoren undersøke nærare.

9. Framtid og oppsummering



Illustrasjonsbilete 2: Elevar som samarbeider om bygging av lego.

Oppsummert har oppvekstsektoren mange fordelar vi må arbeide for å behalde;

- Sektoren har dyktige, engasjerte, fleksible og motiverte medarbeidarar – som vi må arbeide aktivt for å behalde
- Elevane rapporterer at dei trivst på skulen, opplever støtte frå føresette og lærarar og at det er felles reglar
- Vi må behalde samarbeid og samhandling innanfor avdelingane og på tvers av avdelingane – for å møte nye og komplekse utfordringar, oppnå høgast mogleg kvalitet på tenestene og høg trivsel for våre medarbeidarar
- Vi må behalde tett samarbeid med hjelpetenestene

Det er fleire utfordringar å ta tak i;

1. Nok arbeidskraft og riktig kompetanse:
   a) Vaksentettleiken i skulene er relativt høg, men kommunen har for få utdanna lærarar med riktig fagkompetanse. Dette krev rekruttering av lærarar med undervisningskompetanse, spesielt i engelsk, norsk og matematikk. Vi må utføre ny kompetansekartlegging, og fortsetje med systematisk etter- og vidareutdanning
   b) Kommunen treng fleire utdanna barnehagelærarar/pedagogiske leiarar for å oppfylle pedagognormen i barnehagane
2. Elevfråvær:
   Kommunen har relativt stort elevfråvær; dette må sektoren saman med hjelpetenestene arbeide vidare med
3. Mobbing:
   Elevane rapporterer om høg grad av mobbing. Dette må undersøkast nærare, og eigna tiltak må iverksetjast
4. Redusert elevtal:
   Elevtalet er redusert med nesten 30% dei siste åra; denne utviklinga kjem ut frå prognoser til å fortsetja. Dette vil krevja endra dimensjonering og fordeling av personell, omstilling og organisatoriske justeringar for å sikre økonomisk og kvalitetsmessig berekraftige tenester.
5. Nasjonale prøver:
   Elevane scorar relativt lågt på nasjonale prøver – men det er store variasjonar, både innan rekning, lesing og engelsk

Hovudmål frå vedteken strategiplan Oppvekst 2030 (https://www.aal.kommune.no/siteassets/dokumenter/oppvekst/25112024-rapport-oppvekst-2030-final-jf-kommunestyre-vedtak.pdf) er

- ✓ Å skape eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, slik at kvar enkelt får kraft til å meistre eigne liv.
- ✓ Stimulere ressursane og styrkane hos barn, unge og vaksne, med fokus på meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og læring.

For at alle barn og elevar blir best mogleg førebudde på livet, samtidig som vi rotfestar dei i lokalsamfunnet, må vi vera fleksible og stadig evaluere og justere organisasjonen for å sikre ein solid og framtidsretta oppvekstsektor.